

Valgprogram for Møre og Romsdal SV 2019-2023

Klima, miljø og naturressurser

Olje

Klimaendringene er i gang, og om vi ikke gjennomfører umiddelbare tiltak, vil de være katastrofale. Olje- og gassindustrien står for omtrent en fjerdedel av norske klimagassutslipp, og 1,5% av verdens klimagassutslipp. I dag vet vi at vi ikke kan utvinne mer olje enn vi allerede har gjort. Derfor må vi sørge for å gradvis avvikle oljenæringen, og aktivt kreve at det ikke deles ut nye oljelisenser i havområdene utenfor Møre og Romsdal.

SV vil:

- Verne Mørebankene samt de øvrige oljeblokkene nær Smøla
- Styrke oljevernberedskapen og stille strenge krav til skip som frakter olje og gass langs kysten for å hindre utslipp.
- At fylkeskommunen koordinerer innsatsen for klimatilpasning og forebygging av skader grunnet klimaendringer
- Kreve at regjeringen ikke deler ut nye oljelisenser

Naturvern

Naturen vår er verdifull og uerstattelig, men for tiden ødelegges den i et rasende og uansvarlig tempo. Truslene mot naturen er mange, men den viktigste årsaken til at natur går tapt, er at vi ødelegger områder der planter og dyr lever. Vi har et ansvar for å ta vare på naturen.

SV vil:

- Redusere forbruk av ikkefornybare naturressurser og energikilder
- Kartlegge og sikre det biologiske mangfoldet gjennom aktiv areal- og vernepolitikk
- Verne større deler av den uberørte naturen
- Stanse nedgangen i sjøfuglbestandene
- Legge til rette for friluftsliv for alle
- Ha streng regulering av motorisert ferdsel i utmark
- Ta vare på artsmangfoldet

Cruiseskip

Klimaendringene er omfattende og krever derfor omfattende tiltak innen flere områder. Cruiseskip og øvrige skip som brukes innen turisme, er for skadelige for klimaet til å kunne fortsette på samme måte som før.

SV vil:

- Kreve at alle cruiseskip og turistbåter som ferdes i norske fjorder skal være utslippsfrie innen 2023.
- Stille krav til at cruiseskip, kystruteskip og øvrige skip som brukes i turistsammenheng i sårbare områder og viktige turistfjorder med umiddelbar virkning ikke kan operere på tungolje.
- Styrke innsatsen for at alle havner skal tilby landstrøm innen 2030.

Forbrukersamfunnet

Klimagassutslippene i verden er rekordhøye og fortsetter å vokse. Vi lever i et kapitalistisk forbrukersamfunn der vekst og økende privatkonsum er et mål i seg selv. Vi har en kynisk reklamebransje som presser et økt forbruk på mennesker på tross av at vi vet at forbruket må ned dersom vi skal unngå klimakatastrofe. Viktige tiltak for å få til dette, er å redusere matsvinn, plastforbruk og generelt overforbruk.

SV vil:

- Forby reklame på fylkeskommunale bygninger, områder og transportmidler.
- Avvikle bruk av engangsplast i fylkeskommunal sammenheng.
- Ta initiativ til en fylkeskommunal handlingsplan mot plastforsøpling.
- Koordinere arbeidet med utfasing av gummigranulat på fotballbaner
- Fremme en handlingsplan for å redusere matsvinn.
- Prioritere klima og miljø høyere enn økonomiske interesser.

Kjøtt

Ved å tilby plantebasert mat ved siden av kjøtt/fisk hver dag, gjør man det lett for de som av etiske, miljømessige, helsemessige eller andre årsaker ikke ønsker å spise kjøtt eller andre animalske produkter. Tilbud om helvegetarisk mat i kommunal matservering fremmer både helse, miljø og dyrevelferd. Samtidig legger det til rette for valgfrihet, appellerer til alle, og ekskluderer ingen.

SV vil:

- Tilby og synleggjøre fullverdig helvegetarisk mat hver dag i fylkeskommunens kantiner, på lik linje med andre retter.
- At fylkeskommunen skal løfte frem helvegetarisk mat én dag hver uke på offentlige spisesteder/kantiner gjennom styrket tilbud og bruk av informasjonsmateriell.
- Sette av midler i budsjettet til kursing av de ansatte i kantinen på hvordan lage næringsrik og smakfull, plantebasert mat.

Generelt

SV vil:

- Investere mer i forskning på fornybar energi.
- Kreve at alle fylkeskommunale prosjekter har strenge miljøhensyn.
- Begrense skadelige utslipp.
- Gå mot giftdeponi på Raudsand i Nesset.
- Stille strenge krav til miljø og etikk i fylkeskommunale innkjøp, anbud og investeringer.
- Passe på at fylkeskommunen driver aktivt enøk-arbeid, tar i bruk nye fornybare energikilder og er et forbilde for miljø- og klimavennlige bygg.
- At fylkeskommunen er pådriver for styrking av det kommunale miljøarbeidet, og at alle kommuner har tilstrekkelig miljø- og klimakompetanse.
- Styrke Runde miljøsentere, bionergisenteret på Tingvoll og vindkraftsenteret på Smøla.
- Ha klima og miljø som vår hovedprioritet.

Næringsliv

Møre og Romsdal er eit fylke med rike naturressursar og er kjent som ein region med eit innovativt næringsliv med sterk lokal forankring. SV i Møre og Romsdal ønskjer å vere med å leggje til rette for at vi framleis skal ha eit variert og allsidig næringsliv med lokal eigarskap. Skal vi få til det, må det satsast meir på forskning og utvikling. Forskings- og utviklingsmiljø må gjevast høve til å samarbeide tett med utøvarane i dei ulike næringane, og det offentlege må prioritere midlar til utviklingsarbeid for etablerarar og eksisterande bedrifter som er inne i omstilling.

Levedyktige og varierte arbeidsplassar må finnast der folk bur. Livskraftige lokalsamfunn vil gje betre utnytting av naturressursane. Nærheit til ressursane gjev høgare kvalitet, mindre sløsing, fleire lokale arbeidsplassar og meir demokratisk kontroll. Vi ønskjer ei vidare satsing

på den varierte bruksstrukturen innan landbruk, berekraftig havbruk og fiskeri, industri og tenesteproduksjon, samt kultur og reiseliv.

Naturressursar er viktige. Den viktigaste ressursen er likevel den menneskelege. Vi må leggje til rette for at menneske vil bu i regionen og vi må starte allereie i skulen med å gje born utfordringar og oppgåver som stimulerer til eigenaktivitet, skaparglede og tilhøyrslø. Velferda skal tjene menneske, ikkje marknader. Difor bør fylkeskommunale oppgåver primært skje i eigen regi. Det bør gjerast eit grundig og systematisk arbeid for å ta tilbake tenester i offentleg regi.

Fylkeskommunen som næringsaktør

SV vil:

- At det blir sett ned ei arbeidsgruppe for å utvikle arbeidsplassar i produksjon av fornybar energi og økologisk berekraftige varer og tenester.
- At fylket tek initiativ til, og finansierer, eit sekretariat for ei næringsklynge for miljøteknologi der universitet og høgskular er med, i tillegg til aktuelle bedrifter.
- At fylkeskommunen bidreg aktivt til oppretting av fleire etablerarsenter og næringshagar for gründerar.
- At utdanning i entreprenørskap vert ein del av tilbodet ved dei vidaregåande skulane.
- At det blir sett i verk tiltak som kan hindre undergraving av arbeidstakarrettar og sosial dumping. Eit minimum for å delta i fylkeskommunal byggje- og anleggsverksemd, bør vere at firmaet har fast tilsette, høg del fagarbeidarar og lærlingar i alle ledd.
- At det vert stilt tydelege miljøkrav ved fylkeskommunale innkjøp, mellom anna ved innkjøp av transporttenester – ferje, buss og tenestebil mm.
- At privat og offentleg næringsliv og dei vidaregåande skulane samarbeider om rekruttering og etterutdanning.
- At vidaregåande utdanningstilbod som støtter opp under lokalt næringsliv vert sikra og vidareutvikla.
- At fylkeskommunen legg til rette for bruk av fornybar energi – solceller, jordvarme, fjernvarme – til sine nybygg.
- At fylkeskommunen arbeider for at innvandrarane får bruke kompetansen sin til beste for arbeids- og næringslivet i fylket.
- At fylkeskommunen arbeider aktivt for at det vert ein lik og lågare arbeidsgjevaravgift i kommunane i fylket.

Industri

Møre og Romsdal SV vil arbeide for ein enkel, ubyråkratisk og effektiv næringspolitikk som er retta mot små og mellomstore bedrifter. Kraftmarknaden må styrast politisk, og industrien må sikrast nok kraft.

Dei siste åra har fleire av hjørnesteinsbedriftene i Møre og Romsdal fått nye, dels utanlandske eigarar. Møre og Romsdal SV vil vere med på å støtte tiltak som kan sikre norsk eigarskap innan industriproduksjonen. Det kan mellom anna skje ved at det offentlege stimulerer lokale gründarar i deira arbeid med å utvikle idear basert på lokale ressursar, natur, kultur og kompetanse.

SV vil:

- At fylkeskommunen er med på å leggje til rette for tverrfaglege møteplassar og utviklingforum for regionale industribedrifter.
- At konsesjonslovene blir brukte aktivt for å sikre lokal og nasjonal råderett over energikjelder og naturressursar.
- At fylkeskommunen er med på å legge tilhøva til rette for samarbeid mellom lokale bedrifter om ny teknologi, marknadsføring og produktutvikling.
- At det blir brukt ein offentleg innkjøps- og anbodspolitik som søker å styrke lokalt næringsliv.
- At fylkeskommunen i si rolle som regional næringspolitisk aktør arbeider for å utvikle teknologi som kan utnytte fornybare berekraftige energikjelder. Verkstadindustrien og elektrobedriftene i fylket vårt bør ha gode føresetnader for å produsere til dømes vindmøller og varmemepumpeanlegg.
- At råvarene våre får ein så høg foredlingsgrad som mogleg i fylket for å auke verdiskapinga og sikre arbeidsplassar.
- At overordna samfunnsinteresser og miljøomsyn må ligge til grunn for den regionale industripolitikken, ikkje kortsiktige og marknadsstyrte interesser.

Landbruk

SV meiner at landbruket framleis skal vere ein av berebjelkane i norsk økonomi. Landbruket er med på å sikre trygg matforsyning i landet. Det norske landbruket har dei beste føresetnader for å utvikle seg på ein berekraftig og miljømessig god måte.

Landbruket i Møre og Romsdal må gjevast rammevilkår som sikrar at lokale naturressursar vert utnytta og foredla. Topografien i fylket er varierende. Mange stader er det ikkje høve til stordrift på same måten som i flatbygdene austafjells, men med godt samarbeid mellom offentlege instansar, reiselivet og matindustrien kan ein utvikle eit berekraftig lokalt landbruk der matproduksjon, opplevingar og identitetsbygging går hand i hand.

SV vil:

- At jordvern i større grad skal leggast vekt på i planprosessar og arealplaner. Det skal ikkje lønne seg å bygge ned dyrka/dyrkbar jord. SV vil styrke jordvernet.
- Sikre lokal eigarskap til jordressursane, og hindre at landbruksjord blir spekulasjonsobjekt for investorar utanfor landbruket.
- At matproduksjon må prioriterast og støttesystemet bygge opp under produksjon i samsvar med dei naturgitte føresetnadene i fylket.
- At småskala landbruk og kortreist- og økologisk matproduksjon må sikrast gode vilkår og prioriterast.
- At dyrehelse og dyretrivsel må ligge til grunn for infrastrukturen i husdyrhaldet.
- At det typiske vestlandske kulturlandskapet må takast vare på gjennom naturleg bruk; slått, beiting og vedproduksjon. Det må settast av større midlar over jordbruksoppgjeret slik at bøndene kan utføre dette viktige arbeidet for å skape berekraftige og trivelege bygder. Dette vil også gi arbeidsplassar direkte, men også indirekte når det gjeld reiseliv og turisme.
- Styrke NORSØK og Tingvoll gard som senter for forskning og kunnskapsformidling for å utvikle økologisk landbruk.
- Sikre landbruksutdanninga på Gjermundnes og styrke utdanninga sin kontakt mot tilgrensande næringar med tanke på framtidig lokal verdiskaping i landbruket. Anlegget ved Gjermundnes må oppdaterast. m.a. ved omlegging frå bås fjøs til lausdriftsfjøs.
- Ha meir midlar til landbruksrelatert forskning, slik at ein kan støtte opp under landbruksproduksjon som er berekraftig og tilpassa driftsvilkåra i Møre og Romsdal.
- At det vert satsa på økoturisme knytt til gardsbruk og kystnære område.

Fiskeri – havbruk

Møre og Romsdal er eit av dei største fiskerifylka i landet og her er både store trålarreiarlag som opererer på verdshava og frittstående småbåtfiskarar som har virkeområdet sitt i nærare kystfarvatn. Det er plass til begge kategoriar fiskarar, det grunnleggande er at fangsten skjer på ein berekraftig måte slik at fiskeressursane også kan kome framtidige generasjonar til gode. Viktig er det også at fiskeressursane skaper ringverknader gjennom foredlingsanlegg på land. For å sikre framtidig rekruttering til fiskaryrket må forholda leggast til rette slik at det vert skapt trygge, lønsame og moderne arbeidsplassar som gjev konkurransedyktig løn. For å behalde lokal eigarskap til fiskekvotane er det avgjerande at dei ikkje vert monopoliserte av få eigarar, men at konsesjonar også kan vere tilgjengeleg for nye aktørar som vil inn i næringa.

SV vil:

- Ha grunnlovsfesta at villlevande ressursar i sjøen tilhøyrer folket og skal komme lokalsamfunna langs kysten til gode.
- Ha ein variert flåtestruktur, og sikre kystflåten godt driftsgrunnlag. Det må kome eit utviklingsprogram for kystfiskeflåten.
- Stimulere til auka rekruttering innan fiske og havbruk, m.a. med eigne kvotar for ungdom som vil etablere seg i fiskerinæringa, og gunstige lån og tilskot gjennom Innovasjon Norge.
- All fisk og restråstoff skal bringast til land og utnyttast. Avfall skal bli til ressurs, biogass bl.a.
- At det vert stimulert til utvikling av lokalt forankra arbeidsplassar innan havbruksnæringane.
- At det vert lagt til rette for utvikling av lukka oppdrettsanlegg for etter kvart å fjerne dei skadane oppdrettsnæringa fører til for dei ville fiskestammene og naturmiljøet.
- At det ved tildeling av oppdrettskonsesjonar vert knytt bindande krav om vidareforedling av råvarene.
- At oppdrettslova og konsesjonslova blir brukte aktivt for å sikre lokal råderett over havbruket, og at det blir innført lokal ressurskatt på havbruk.
- halde fram med verneordninga for nasjonale laksefjordar og laksevassdrag.
- At Møre og Romsdal får behalde utdanningsinstitusjonane som gjev kompetente utøvarar av fiskaryrket på alle nivå.
- Styrke Runde miljøsentar som senter for forskning og kunnskapsformidling knytt til livet i havet og langs kysten.
- Legge til rette for nye næringar frå havet, til dømes tare dyrking.
- Det skal stilles krav om nullutslipp på nye havbrukskonsesjoner.

Reiseliv

Vakkert kulturlandskap, urørt natur og reint miljø er nokre av Møre og Romsdal sine store fortrinn i reiselivssamanheng. Dette må vi arbeide aktivt for å ta vare på, no som fleire reiser for å oppleve fylket vårt, og presset på naturen aukar på ulike måtar. At vi legg opp til berekraftig bruk av naturen er avgjerande for ein positiv vekst i reiselivsnæringa på lang sikt. Vi vil at aktiviteten i reiselivet skal skje på naturen sine premisser, slik at den vakre naturen også skal kunne nytast av framtidige generasjonar. Det må være ein god samanheng mellom naturvern, bruk av naturen og utvikling av reiselivet.

SV vil:

- At Møre og Romsdal går føre i satsinga på berekraftig naturbasert reiseliv, tufta på lokale aktørar og produkt i heile fylket.
- At utviklinga i reiselivet skal være langsiktig og planmessig.
- Ha nullutslipp i reiselivet, med særleg vekt på verdsarvfjorden Geirangerfjorden, og at fylkeskommunen skal vere ein motor i omstillinga.
- At det vert innført eit turistfiskekort for sjøfiske.
- At økoturisme knytta til landbruk og kystopplevingar vert eit satsingsområde i fylket.
- At fylket bidreg til gode vilkår for reiselivs- og sørvisnæringa, med satsing på museum, konsert- og festivalopplevingar, og dei etablerte attraksjonane.
- Ha vern om allemannsretten. Naturressursene høyrer til fellesskapet.
- Ikkje legge til rette for motorisert ferdsel i naturen i turistsamheng.
- Sørge for 4G, søppelhandtering, offentlege toalett, og sørvisbygg der det trengst.
- Sørge for at digitale løysingar for bestilling og billettkjøp for kollektiv reising for turistar er brukarvennlege.
- At det vert lagt til rette for sykkelfrakt i fylkeskommunen sine kollektive rutetilbod der det ikkje er framkomeleg for sykkel.
- Prioritere forskning på berekraft knytt til naturressursar som er eksponerte for turisme.

Arbeidsliv

SV vil:

- Innføre strenge seriøsitetskrav ved anbod, blant anna for å hindre sosial dumping ved offentlige inkjøp, etter inspirasjon av Oslomodellen.
- Sikre lovfestet og reell rett til heltid, og frihet gjennom turnusordningar som gjør det mulig å kombinere familieliv og heltidsarbeid. Det offentlige skal fremme heltidskultur som arbeidsgiver.
- Styrke retten til fast stilling. Fast tilknytning til arbeidslivet påvirker indirekte mulighetene kvinner har til å oppnå ansiennitet og lederstillinger siden graviditet og fødsel gjør at kvinner har større behov for å ha en fast tilknytning til arbeidet.
- Leggja til rette for integrering, inkludering og likestilling i arbeidslivet.

Integrering

SV vil:

- Leggja til rette slik at funksjonshemma skal kunne delta aktivt i skule og arbeidsliv.
- Styrke språkopplæringa til asylsøkere, flyktningar og innvandrere ellers med dei virkemidler som høver.
- Bekjempe rasehets og fremmedfientlighet.
- Leggja til rette for arbeid for innvandrarar, gjerne med mentorordning.

Kultur og kulturminnevern

Kultur gjer samfunnet rikare og eit allsidig kulturliv er med å gjere Møre og Romsdal til eit attraktivt fylke å bu i. SV ønskjer eit rikt og tilgjengeleg kulturliv. Det kulturelle tilbodet skal spegle tradisjon og historie i regionen, samtidig som det opnar for nye og framande impulsar.

Menneske i alle delar av fylket skal ha tilgang på gode kulturopplevingar og få høve til å ta del i kulturelle aktivitetar. Kombinasjonen profesjonelle kulturutøvarar og ivrige amatørutøvarar legg grunnlag for skaparglede og bulyst. Kulturen er limet i mange lokalsamfunn og ved å leggje til rette for kulturaktivitetar, er fylket med på å byggje opp under den norske dugnadstradisjonen som er så viktig for lokal trivsel og tilhørslse. Kulturaktivitetar er også med på å skape lokale arbeidsplassar.

Mange unge har foreldre med dårlig råd og deltar lite på fritidsaktivitetar. Aktivitetskort, lån av fritidsutstyr på bibliotek eller frivilligsentralar og samarbeid med idrettslag og foreningar, kan sikre at fleire får ta del i aktivitetar. Foreldra sin økonomi og bustadadresse skal ikkje vere til hinder for at born og unge får delta saman med andre i kulturelle aktivitetar og utvikle sitt talent og sine interesser. Kulturinstitusjonar må haldast offentlege for å halde på breidde og tilgjenge, og pris skal ikkje stå i vegen for at kulturtilbod skal kunna nyttast av alle. Bibliotek, museum, musikk, idrett og andre kulturtiltak på regionalt plan må få støtte slik at tilboda kan nå innbyggjarane i heile regionen.

SV vil:

- At Møre og Romsdal fylkeskommune skal profilere seg som ein nyskapande kulturregion i landet.
- At løyvingane til kulturføremål skal aukast til minst gjennomsnittet av andre fylkeskommunar.

- At kulturinstitusjonane i fylket gjev rom for avvikande røyster. Eit levande demokrati treng utfordrande posisjonar, ulike perspektiv og levande kritikk av etablererte sanningar, og av makta.
- Arbeide for å realisere nytt operabygg/museumsbygg i Kristiansund, eit prosjekt som vil spele ei nøkkelrolle i utviklinga av ein sterk nordmørsregion.
- Styrke innkjøpsbudsjettet til stiftinga Kulturkvartale (Kube), blant annet for innkjøp av samtidskunst frå Møre og Romsdal, og å få flere ambulerende utstillinger i fylket.
- At fylket er med på å legge til rette for, og finansiere, atelier for kunstnarar i dei tre byane i fylket.
- Ha offentleg merksemd og vern av Jugendstilbyen Ålesund – tilrettelegging for UNESCO-søknad i samarbeid med Ålesund kommune.
- At fylket skal styrke ordninga med kunstnarstipend for forfattarar og andre aktuelle grupper. Dette vil bidra til auka litterær produksjon og kunstproduksjon i fylket.

Formidling og kulturarv

SV vil:

- Støtte kommunane i å utvikle kulturskulane.
- At Møre og Romsdal fylkeskommune går inn med egne midlar for å styrke formidlingstilbodet gjennom den kulturelle skulesekken (DKS), og å sikre at alle uttrykk blir formidla i same omfang.
å sikre at alle skuleelevar i fylket får besøk av ei DKS-formidling kvart år.
- At kulturelle opplevingar skal vere tilgjengelege der folk bur. SV vil sikre finansieringa av bokbåten Epos.
- At løyvingane til musea blir styrka slik at dei kan fylle oppgåva si innan kulturformidling og kulturminnevern også i dei kommunane som ikkje har museum innanfor dei offentlege tilskotsordningane.
- Halde oppe biblioteka som viktige møteplassar og formidlingsarenaer i lokalsamfunna. Styrke biblioteka sitt samarbeid med universitets- og høgskulebibliotek slik at det vert lettare å ta utdanning i distrikta. Sikre at bibliotektenestene framleis skal vere gratis.
- At dei rike folkemusikktradisjonane i fylket vert tekne vare på gjennom aktiv innsamling og formidling.

Kultur og næring

SV vil:

- Styrke arbeidet for vidareutvikling av verdsarven i Geirangerfjorden og Norsk Fjordsenter.
- Støtte kulturelle møteplassar som festspel og festivalar i alle delar av fylket.
- At Møre og Romsdal skal bli eit føregangsfylke innan kulturbaserte næringar.
- Støtte arbeidet Sunnmøre Kultur næringshage i Volda gjer, og arbeide for å utvikle tilsvarende aktivitet i heile fylket.
- Halde fram med det gode filmsamarbeidet på Vestlandet gjennom deltaking i Vestnorsk filmsenter.
- Tilby stipend til unge kunstnarar som vil etablere seg i fylket.
- Bruke lokale kunstnarar i samband med fylkeskommunale utsmykkingsoppdrag og arrangement.

Kultur og deltaking

SV vil:

- Ungdomens kultur mønstring må bli ført vidare med minst same omfang som no.
- Halde fram med kulturkort for ungdom, og heve aldersgrensa for kulturrabatt slik at og studentar kan gjere seg nytte av dette tilbodet
- Arbeide for at heile musikklivet har tilgang til gode tilpassa lokale til øving og konsertar.
- At det frodige amatørkultur livet i fylket blir verdsett og støtta, m.a. gjennom tilskot, administrativ hjelp, nettverksbygging og opplæring.
- Sikre forsvarlege rammevilkår og tilrettelegging for det frivillige arbeidet.
- Prioritere breiddeidrett, nærmiljøanlegg og legge til rette for friluftsliv for alle.
- At det blir lagt til rette for at menneske med funksjonshemmingar kan delta i eit variert kulturtilbod.
- At kultur livet vert nytta aktivt for å fremje toleranse og aksept for ulikskapar og at det vert lagt til rette for møteplassar for menneske frå ulike kulturar.
- Stimulere til samarbeid med kultur utdanningane ved Høgskulen i Volda, slik at dei kan spele ei enda meir aktiv rolle for kultur livet i heile fylket, og sikre vidare drift av Seanse.
- Å sikre nynorsk som administrasjonsmål, og vere pådrivar for gode tilbod til nynorskelevar i skulen og gode kulturtilbod på nynorsk for alle.

Samferdsel

SV vil arbeide for at flere velger miljøvennlig transport. For SV er samferdsel i hverdagen viktigst. Vi vil at flere skal velge å gå, sykle eller reise kollektivt framfor å bruke bilene. Det betyr flere gang- og sykkelveier, forbedret kollektivtilbud, utslippsfrie ferger og god arealplanlegging. De som trenger å bruke bil skal ha gode, trygge og rassikre veier. Vi vil prioritere vedlikehold og opprustning av dagens dårlige veinett framfor store fjordkryssinger. Det innebærer å si nei til Møreaksen. SV vil også arbeide for at godstransporten skal være mest mulig miljøvennlig. Vi vil derfor arbeide for at det blir lyntog til Møre og Romsdal og at mer gods fraktes med skip.

Kollektivtransport

Dersom flere enn i dag velger å bruke kollektivtransport, vil det føre til både mindre utslipp av klimagasser og frigjøre plass i de store byene. Et godt kollektivtilbud kjennetegnes med hyppige avganger, rimelig pris og dekkende rutenett. I byene må bussene prioriteres framfor bilen. Fylkeskommunen sin oppgave er å drifte kollektivtilbudet. Det må prioriteres i budsjettene.

SV vil:

- Ha et bedre kollektivtilbud i hele fylket
- Videreutvikle timexpresstilbudet
- Minst halvere prisen på ungdomskort/FRAM ung

Veier

Befolkningen i Møre og Romsdal bor spredt. Vi har mange små bygder og flere større byer. Veinettet er viktig for å binde befolkningen sammen. SV vil at veiene i fylket skal være gode og trygge for alle som benytter dem. Etter at fylkeskommunen tok over ansvaret for store deler av veinettet i fylket, har etterslepet økt. Det er derfor nødvendig å prioritere utbedring og vedlikehold av dagens veier framfor dyre fjordkryssingsprosjekt.

SV vil:

- Prioritere utbedring og vedlikehold av dagens veinett
- Arbeide for sikring av rasfarlige veier, broer og tunneler

Bypakker

Et viktig virkemiddel for å gjøre byene mer miljøvennlig er bypakker. Hensikten med bypakker er å skape helhetlige løsninger for bil, kollektiv, gang og sykkelveier. Målet er å

gjøre transporten mer miljøvennlig. Vi vil arbeide for at viktige prosjekter i bypakkene kommer med på Nasjonal Transportplan. Det er avgjørende at også de mellomstore byene får mulighet til å inngå byvekstavtaler. Gjennom byvekstavtaler vil det statlige bidraget være større og man kan utforme et helhetlig miljøvennlig transportsystem.

SV vil:

- At bypakkene i Ålesund, Molde og Kristiansund blir hovedvirkemiddelet til å få flere til å velge gang, sykkel og kollektiv.

Tog

SV vil ha lyntog til Møre og Romsdal. Lyntog er miljøvennlig og vil være et viktig bidrag til å få ned flytrafikken. Lyntog vil gjøre det enkelt å reise på hele strekningen Ålesund/Molde til Trondheim og Oslo. Det vil utvikle fylket langs hele traseen.

Samtidig vil veiene bli tryggere i og med at mye av godstrafikken kan flyttes fra vei til tog.

SV vil:

- At det arbeides videre med å få lyntog til Møre og Romsdal
- At fylkeskommunen skal være hovedpådriver for arbeidet med å få lyntog til Møre og Romsdal.
- Styrke Raumabanen som miljøvennlig og funksjonell person- og godstransportør, uten å ødelegge "verdens vakreste togreise". Samt kjempe for at Raumabanen blir gitt muligheten for Hydrogenpilot-prosjektet.

Ferger

Møre og Romsdal er et fylke med mange fjorder. Fergene er en naturlig del av veisystemet. I framtiden vil fergene være utslippsfrie. SV vil at Møre og Romsdal skal være et foregangsfylke når det gjelder miljøvennlige ferger. Dersom folk skal bo og bosette seg i hele fylket må fergetilbudet være så godt at folk enkelt kan ferdes. Vi må derfor ha tilstrekkelig med avganger og rimelige priser.

SV vil:

- At det skal legges om til miljøvennlige ferger i et raskere tempo
- At antall fergeavganger skal avspeile befolkningens behov for reiser
- Arbeide for flere avganger både på stam- og fylkesveiene
- At kystekspresen mellom Kristiansund og Trondheim skal styrkes

Gang- og sykkelveier

Dersom flere skal gå og sykle, må det være trygt. SV vil arbeide for flere gang- og sykkelveier, samt egne sykkelveier der det er nødvendig. Mange av bilreisene, spesielt i byene, er dag så korte at de kan erstattes med gange eller sykkel dersom forholdene ligger til rette for det.

SV vil:

- At det utarbeides egne sykkelveier der det er hensiktsmessig
- At det utarbeides en sykkelstrategi for turistveiene
- Satse på gang- og sykkelveier, da det er mye god folkehelse i dette

Utdanning og opplæring.

Eit samfunn med små forskjellar er eit godt samfunn for alle. Lik rett til utdanning er ein føresetnad for å nå dette målet. I dag er fråfallet for høgt, og SV vil arbeide for at fleire gjennomfører. SV vil ha ekstra fokus på rekruttering til yrkesfag, og arbeide for at fleire fullfører fagopplæring. Lærarane treng meir tid og meir tillit. SV vil redusere unødig testing og rapportering, og la lærarane bruke tida til undervisning. Vi vil også sikre retten til etter- og vidareutdanning.

Ein skule for alle

Fullført vidaregåande opplæring er eit viktig grunnlag for deltaking i samfunnet og arbeidslivet. Arbeidet med å få fleire til å fullføre, krev langsiktig og målretta arbeid og heng særleg saman med tett oppfølging av kvar elev gjennom heile utdanningsløpet.

SV vil:

- Auke gjennomføringa gjennom tidleg innsats, god rådgjeving og tett oppfølging, samt tiltak for å auke lærartettleiken
- Prioritere fellesskulen og eit likeverdig skuletilbod til alle.
- Gå imot nye søknader om privatskular. Desse trugar ikkje berre små skular i distriktet, men undergrev også dei mindre og dyre opplæringstilboda generelt
- Styrkje skulehelsetenesta, rådgjevingstenesta og PP-tenesta for å hjelpe elevar som slit
- Styrkje samarbeidet mellom skulane, oppfølgingstenesta og alternative opplæringstilbod
- Sjå til at fylkeskommunen oppfyller elevane sine lovfesta rettar til timetal i faga.

- Arbeide for at Opplæringslova sin paragraf 9A- “mobbeparagrafen”- blir praktisert på ein forsvarleg måte
- Arbeide mot trakassering på grunn av seksuell orientering og kjønns-uttrykk, t.d. gjennom ein tiltaksplan mot diskriminering/ for betre inkludering av LHBT- personar innanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde
- Stimulere elevar til å velje meir utradisjonelle utdanningsvegar i høve til kjønn enn i dag.
- Gje elevane høve til deltaking og medverknad, t.d. gjennom elevråd, deltaking i Utdanningsutval, Ungdomspanel og Ungdommens fylkesting
- Stimulere til samfunnsengasjement ved utvida forsøk med røysterett for 16-åringar ved val til fylkesting og kommunestyre
- Arbeide aktivt for integrering av ungdom med minoritetsbakgrunn i ein mangfaldig fellesskule basert på grunnleggande verdiar som demokrati og likeverd.
- Legge til rette for fleire yrkesgrupper inn i vidaregåande skular som miljøterapeutar og barne - og ungdomsarbeidarar.
- Vidareføre tilbodet om gratis karriereveiledning

Skule – og tilbodsstruktur

Ein desentralisert skulestruktur der elevane kan bu heime lengst mogleg, gjer det lettare for fleire å fullføre utdanninga si.

SV vil:

- Arbeide for å bevare ein desentralisert skule- og tilbodsstruktur slik at flest mogleg kan gå på vidaregåande skule utan å måtte flytte heimafrå
- Prioritere ein tilbudsstruktur som støttar opp om lokalt næringsliv
- Samarbeide med lokale bedrifter om læreplassar slik at elevar slepp å flytte for å fullføre utdanninga si
- La elevar med vaksenrett telje med i dimensjoneringa av tilbod i vidaregåande opplæring
- Halde oppe tilboda innanfor estetiske fag på minst same nivå som i dag
- Arbeide for elevkantiner med sunn og god mat ved alle dei vidaregåande skulane, der minst 15 % av maten er økologisk
- Ha auka ungdomsfagleg vektlegging i Barne- og ungdoms-arbeidarfaget

Yrkesopplæring og fagskoleutdanning

Statusen til yrkesfaga må aukast gjennom målretta tiltak. Det er færre som fullfører på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, og dette krev særskilte tiltak. Møre og Romsdal har ein næringsstruktur som er avhengig av at ein stor del av elevane vel yrkesfaglege utdanningsprogram.

SV vil:

- Arbeide systematisk for å heve statusen til fagutdanninga.
- Støtte opp arbeid med å utvikle meir varierte læringsformer, og gjere teorifaga i yrkesopplæringa meir yrkesretta og betre tilpassa elevane si yrkesopplæring
- Gjere det lettare å veksle mellom teori og praksis gjennom heile opplæringa, som t.d. praksisbrevordninga
- Ha betre tilgang på gode og varierte læreplassar til rett tid
- At fylkeskommunen går føre når det gjeld tilbod om læreplassar, og stiller krav om at private bedrifter som vil ha offentlege kontraktar må stille som opplæringsbedrift
- At inntil retten til læreplass er lovfesta, skal alle elevar som står utan plass ha rett til eit toårig praksisbasert opplæringsløp på skulen
- Satse på fagskoleutdanninga ved å styrke finansieringa og auke talet på studieplassar ved fagskulane i Ålesund og Kristiansund. Oppretting av nye studieplassar må skje i tett dialog med partane i arbeidslivet for å sikre samsvar med næringslivet sine behov.
- Arbeide for meir midlar til utstyr både på yrkesfag og fagskular
- Få slutt på praksisen med å slå saman klassar i fellesfaga på yrkesfaglege program
- At privat og offentlig næringsliv og dei vidaregåande skulane samarbeider tettare om rekruttering og etterutdanning

Økonomi

Møre og Romsdal fylkeskommune bruker mindre av sine netto driftsutgifter på utdanning enn landssnittet - omlag 46% mot eit snitt på vel 52% i følge økonomiplan 2018-21.

SV vil:

- Arbeide for å auke driftsrammene til dei dei vidaregåande skulane og fagskulane
- La dei vidaregåande skulane i fylket få behalde sine overskudd
- Arbeide for at innføringa av nye læreplanar vert følgt opp av tilstrekkelege ressursar
- Verne om gratisprinsippet og sikre gratis læremiddel i vidaregåande opplæring.
- Halde fram med å bygge nye/ ruste opp eldre skulebygg i tråd med krav om kvalitet, miljø og tilgjenge for alle

Høgare utdanning

SV vil:

- Støtte opp om etableringa av Campus Kristiansund
- Støtte arbeidet med å vidareutvikle høgskulane i fylket
- Arbeide for oppretting av eit høgskuletilbod i fritidspedagogikk for å auke kompetansen hjå tilsette som jobbar med ungdom, og at det vert utvikla eit kvalifikasjonsrammeverk for denne gruppa.

Helse og levekår

Gode levekår sikrast best i fellesskap. Store sosiale og økonomiske skilnader er negativt for folks helse. Ei god helseteneste skal ikkje avhenge av personleg økonomi. Sterke fellesløysingar gir den enkelte fridom og tryggleik. Vi får betre offentlege tenester når vi lyttar til dei tilsette, styrkjer dei tilsette sin kompetanse og gjev dei tillit til å utøve faget sitt. Ei god grunnbemanning tryggjer både pasientar og dei tilsette si helse. God førebygging gjev gode liv. Førebyggjande helsearbeid legg grunnlaget for ei frisk og sunn befolkning.

SV vil:

- Ha ein desentralisert struktur på helsetenester. Tenester skal vere nær der folk bur og tilpassa folk sitt behov.
- Velferd utan profitt. Offentlege midlar skal gå til gode tenester til innbyggjarane, og ikkje til privat utbytte. Vi seier nei til privatisering og konkurranseutsetting, og ja til gode og trygge arbeidsforhold.
- Tillit til dei tilsette. Tilsette skal ikkje overstyrast av rapportering og målstyring, men få meir fagleg fridom og tillit til å utføre arbeidet til beste for fellesskapet.
- Styrkje det førebyggjande helsearbeidet

Folkehelse

Folkehelse handlar om folk sin kvardag. Gode nærmiljø, universell utforming, og god samfunnsplanlegging er viktige stikkord for folkehelsa. Førebygging, informasjonsarbeid og tilrettelegging for aktivitet, meistring og inkludering er ei god investering i folkehelsa. SV vil arbeide for å at folkehelsearbeidet i fylkeskommunen får høgare prioritet.

SV vil:

- Arbeide for å redusere ulikskap i folkehelse gjennom å sikre gode offentlege helsetenester og god vidaregåande utdanning som gir folk like moglegheiter til å delta i arbeidslivet.
- Tilretteleggje for auka bruk av uteområder og friluftsområder
- At folk lettare skal kunne velje miljøvenleg transport og at fleire kan gå og sykle i kvardagen.
- Arbeide for trygge skuleveggar, rassikring, trafikksikring og fleire gang- og sykkelveggar.
- At Møre og Romsdal må halde fram som føregangsfylke for universell utforming, og prinsippet om universell utforming må ligge til grunn ved alle fylkeskommunale nybygg og reoveringar.
- At det blir stilt krav ved konsesjonar på buss- og båtruter om universell utforma tilkomst, og at haldeplassar, venterom og rutebilstasjonar må utformast slik at dei høver for alle. Det må også lagast tiltaksplanar for å rette opp manglar som eksisterer i dag
- Systematisk innsats for å bekjempe vald i nære relasjonar. Politi og helsevesen må ha god kompetanse på overgrep. Krisesenter, støttesenter mot incest og seksuelle overgrep og valdtekstmottak må sikrast gode rammevilkår.
- Auke kunnskapen om førebyggjande folkehelse for å bida til å redusere utviklinga av sjukdom, livsstilsplager og psykisk uhelse
- At førebygging og folkehelseetinking må inn i all samfunnsplanlegging.
- Styrke og utvikle lågterskel, helsefremjande og førebyggjande helsetilbod i fylket.

Oppvekstvilkår - barn og unges fysiske og psykiske helse

Oppvekstvilkår heng tett saman med seinare helseutvikling. SV vil styrkje arbeidet med førebygging og tidleg innsats blant barn og unge. Elevar i den vidaregåande skulen slit i aukande grad med psykiske vanskar som einsemd, angst og depresjon. Kroppspress kan føre til eteforstyrringar og dårleg sjølvbilete. Her har skulehelsetenesta ei nøkkelrolle for å førebyggje og fange opp dei som treng hjelp.

Fylkeskommunen må også styrkje innsatsen for å hindre fråfallet i den vidaregåande skulen, slik at unge får fullført utdanninga si.

SV vil:

- Behalde ein desentralisert skulestruktur slik at flest mogleg kan bu heime medan dei tek vidaregåande utdanning.
- At vidaregåande skular tek eit aktivt ansvar for hybelbuande elevar i samarbeid med foreldre og kommunar.
- Tilby sunn og god mat og drikke i kantine til vidaregåande skular i fylket
- Sikre barn og unges deltaking og rett til å bli høyrde
- Auke kunnskapen hjå elevar og lærarar i den vidaregåande skulen på feltet psykisk helse og psykiske helseplager, og styrkje innsatsen mot mobbing.
- Sikre ei god skulehelseteneste på dei vidaregåande skulane, med godt samarbeid opp mot spesialisthelsetenestene innanfor psykisk helse.
- Styrkje PP-tenesta for elevar i vidaregåande opplæring
- Sikre dei vidaregåande skulane som reklamefrie områder. Ungdom må sleppe kjøpe- og kroppspress frå reklame i skuletida.
- Motverke bruk av alkohol og narkotika i ungdomsmiljø
- Sikre at det blir gjeve god seksual- og prevensjonsrettledning til ungdom under 25 år.
- Betre samhandlinga mellom barnevernet og vidaregåande skule for å betre tilbodet til barn i barnevernsinstitusjon.
- Leggje betre til rette for fysisk aktivitet i vidaregåande skule med minstekrav til tid. Vi må leggje til rette for at ungdom kan etablere ein sunn livsstil, og unngå livsstilssjukdomar.

Tannhelse

Tennene er ein del av kroppen. SV vil at tannhelse skal inn i den offentlege helsetenesta, slik at vi kan unngå sosial ulikskap i tannhelse. I fylket er det ei viktig å sikre rekruttering av tannlegar til tannklinikane i heile fylket.

SV vil:

- Oppretthalde eit godt, offentleg tannhelsetilbod i heile fylket, som særleg sikrar at born og unge, eldre og funksjonshemma får det offentlege tannhelsetilbodet dei har krav på etter lova
- Arbeide for gratis tannhelsebehandling fram til fylte 20 år
- Sikre gode arbeidsforhold for dei tilsette i tannhelsetenesta, for ei positiv rekruttering til den offentlege tannhelsetenesta

Barnevern og familievern

Ein god barndom varer heile livet. Alle barn treng gode og stabile oppvekstvilkår med trygge omsorgspersonar rundt seg. Innsatsen ein gjer med førebygging og tidleg innsats tidleg i livet, har avgjerande betydning langt inn i vaksenlivet. I regionreforma er det tenkt at (ein større del av) ansvaret for barne- og familievern skal flyttast ut frå bufetat og over på fylkeskommunen.

SV vil:

- At barnevernstenester blir drive utan profit. Offentlege midlar til barnevern må kome barna og dei tilsette til gode, og ikkje forsvinne i utbytte til nokre få.
- Setje barnets beste i fokus. Avgjersler må skje ut i frå faglege vurderingar, ikkje økonomi. SV vil ha skreddarsaum heller enn pakkeforløp. Kvart barn er unikt med si eiga historie, og skal behandlast individuelt. Pakkeforløp tek også bort det faglege handlingsrommet til dei tilsette.
- Ha tilgjengelege og likeverdige barne- og familievernstenester i heile fylket
- Styrke ettervernet i barnevernet. Barn blir ikkje brått vaksne når dei fyller 18 år. Det trengst gode overgangar og støtte også etter fylte 18 år.
- Familievernkontora sitt arbeid med førebygging, informasjon, vegleiing og undervisning retta mot hjelpeapparat og publikum må styrkjast.
- Familievernkontora sitt arbeid retta direkte mot familiar i kriser og vanskelege livssituasjonar må ha gode rammevilkår. Terskelen for å oppsøkje familievernkontoret må vere låg, og par- og familierapi må vere tilgjengeleg for foreldre som treng det. Dette er god førebygging for folkehelsa i eit livsløpsperspektiv.
- ha gode tilbod til rus-, valds-, incestutsette barn og unge, og til barn som pårørande.

Sjukehus og spesialisthelsetenester i fylket

Staten har ansvaret for sjukehusa, gjennom føretaksmodellen, og for barnevern og rusomsorga. Fylkeskommunen må likevel vere ein pådrivar for eit godt og likeverdig helsetilbod til innbyggjarane, med ei god funksjonsdeling mellom dei ulike institusjonane. SV arbeider for avvikling av føretaksmodellen slik at vi får sjukehusa attende til demokratisk kontroll.

SV vil:

- Ha ei sterk offentlig helseteneste som er tilgjengeleg for alle uavhengig av bustad og økonomi. Vi vil sjå til at sjukehusa i fylket har god funksjonsdeling, godt medisinsk utstyr og god beredskap.
- Arbeide for å avvikle stykkprisfinansiering av pasientar, og ha ein finansieringsmodell for sjukehus som gjer sunn økonomi i helseføretaket mogleg. Store sjukehusinvesteringar kan ikkje gå på bekostning av den daglege drifta.
- Ha ein tillitsreform. Ved å vise tillit til dei tilsette, får dei meir fagleg fridom og tillit til å utføre arbeidet til beste for pasientane, utan å bli overstyrt av rapportering og målstyring.
- At utdannings- og vidareutdanningsmulegheitene innan helsesektoren må vere gode og tilgjengelege i fylket vårt, og at ein må styrke forskning og utvikling gjennom samarbeid mellom regionssjukehus, lokale sjukehus, kompetansesenter, NTNU, lokale høgskolar og andre viktige aktørar
- Minimere bruken av anbod og kjøp av tenester frå kommersielle helsebedrifter, og hindre at mindre "lønsame" sjukdomsgrupper blir underprioriterte.
- Ha trygge, heilårsopne og tilgjengelege fødetilbod i heile fylket, i både Molde, Kristiansund, så vel som i Volda og Ålesund.
- At fylket har gode behandlingstilbod innan rusomsorg og psykiatri, med god oppfølging av barn som pårørande.
- At fylket har gode tilbod innanfor habilitering og rehabilitering
- Arbeide for eit regionalt kompetansesenter for førebyggjande og helsefremjande arbeid innan Helseregion Midt-Noreg i Møre og Romsdal
- sørge for god brukarmedverknad, og at pasientane får tilgang på gode kulturtilbod medan dei er innlagt ved sjukehus og institusjonar